

**Naturvernforbundet i Kvam**  
**Oddvar Soldal**  
**Kyrhagen 32,**  
**5610 Øystese**  
**Epost: [osoldal@online.no](mailto:osoldal@online.no)**

Øystese 19. mars 2013

**Fiskeri- og kystdepartementet,**  
**Postboks 8118 Dep.,**  
**0032 Oslo**  
**Sendt til epost: [postmottak@fkd.dep.no](mailto:postmottak@fkd.dep.no)**

### **Fråsegn om utkast til forskrift om særskilt regulering av akvakultur i Hardangerfjorden**

Naturvernforbundet i Kvam har fylgt nøye med i ordskiftet og forskinga som har føregått dei siste åra og er svært uroa over det biologiske mangfaldet og situasjonen for vill laksefisk og vill kvitfisk etter den raske veksten i oppdrett av laksefisk. I løpet av vel 10 år har ståande biomasse vorte nær tredobla. Sjølv om det har vore forska ein del, kan me ikkje rekna med at konsekvensane for dei ville stammene av laks og sjøaure er godt nok kartlagde. Me må berre rekna med at ingen kjenner langtidseffekten av den sterke veksten.

Dette peika me også på i fråsegnene våre i arbeidet med forskrifta tidlegare, sjå breva våre av 18. september 2008 og til Kyst- og fiskeridepartementet 16. nov. 2009, til Mattilsynet 10. mai 2010 og til Fiskeri- og kystdepartementet 30 mars 2011.

I utkastet har departementet meir sut for oppdrettsnæringa enn villfisken. Det skin gjennom både i høyringsbrevet og dei 11 paragrafane i utkastet til forskrift, jfr paragraf 1 der akvakulturnæringa vert nemnt fyrst, dei ville bestandane av laksefisk kjem i andre rekkje. Naturvernforbundet meiner at hovudformålet må vera å ta vare på dei unike lakse- og sjøaurestammene i Hardangerfjorden.

### **Bakgrunn og litt repetisjon**

I utkastet som no er til høyring tykkjer Naturvernforbundet at det er bra at avgrensinga tek med meir av det området som naturleg høyrer til laksen og sjøauren sitt område sine vandringsområde. Det er også godt at det ikkje vert opna for oppdrett i indre deler av fjorden, jfr. Paragraf 5.

Likevel må me peika på at utkastet til forskrift tek alt for lite omsyn til dei merknadane Naturvernforbundet i Kvam hadde i dei førre rundane.

Som nemnt har den ståande biomasse og produksjon av oppdrettsfisk har vorte dobla i løpet av dei ti åra frå 1997. Etter 2007 har også den samla produksjonen auka monalag. Me har knapt nok sett den kortvarige og endå mindre den langvarige verknaden av ein så snøgg vekst. I førre fråsegna vår brukte me dette dømet: "Viss me seier at det er dobla frå 25.000 tonn til 50.000 tonn i denne perioden vil det tilsvare at folketalet, gjennomsnittsvekt 70 kilo, i eit avgrensa område aukar frå 350.000 til 700.000 vaksne individ i løpet av ti år. På landjorda hadde me merka verknaden av ein slik auke, i fjorden er det fare for at me ikkje merkar det før det er for seint."

I same andedrag vil me minna om at den nye naturmangfaldslova er innført i løpet av høyringsprosessen, me ber om at intensjonane i lova vert tekne meir omsyn til i forskrifta.

### **Føre var....**

Naturvernforbundet i Kvam er glad for forskingsarbeidet som er i gang i fjorden. Me er også glad for at det kjem framlegg til avgrensingar i oppdrettsnærina, men ut frå forskingsresultata som alt finst må tiltaka verta meir omfattande. I tidlegare brev peika me på at ut frå ”forskingsresultata og ikkje minst langtidsverknaden av den enorme auken i oppdrettsfisk dei siste ti åra, er me redd for at avgrensingane kjem for seint og er for varsame viss ein skal ta omsyn til:

- fjordområdet si bereevne
- forhold knytt til sjukdom og spreiring av lakselus
- viltlevande bestand av laks og aure
- viltlevande bestand av all annan fisk
- oppdrettsnæringa si langsiktige utvikling

Me vil spesielt peika på omsynet til andre fiskeartar. Det vert stadig fiska til dømes lyr, sei og torsk som er negativt påverka av oppdrett. Det er gjort svært lite undersøkingar av dette, men fiskarar, både fritidsfiskarar og yrkesfiskarar, klagar over kvaliteten på kvitfisk som lever på utslepp, både fôr og møk, frå oppdrettsanlegga.”

Me ser diverre ut til å få rett. Framlegget til forskrift tek i alt for stor grad omsyn til oppdrettsnæringa sine problem og vurderer lite oppdrettsnæringa sin verknad på naturmangfaldet i fjorden, jfr. den nye lova.

### **Lakselus og vill laksefisk**

Viss ein ser på tilrådingar som er gjort frå forskinga tilrådde Havforskningsinstituttet så tidleg som i 2004 å redusera mengda av oppdrettslaks i området, serleg på bakgrunn av infeksjonspresset frå lakselus. Likevel har talet på laks i merd auka og auka. Lusetalet har auka tilsvarande. For kvart år som går vert bestandane av villaks svakare og mindre. Dette gjer i seg sjølv at bestandane er dårlegare rusta mot genetisk påverknad frå oppdrettslaks. Me vil spesielt peika på sjøauren som held seg i fjorden og skal veksa der. Auren er endå meir utsett enn laksen.

### **Genbank som plaster på såret?**

I pkt 6.5 er det framlegg om å oppretta ein genbank for å ta vare på 18 sjøaurestammer og 10 laksestammer i Hardangerfjorden. Naturvernforbundet meiner det kan vera ei sikring, men det er ei mykje betre løysing å få oppdrettsnæringa ned på eit lågare nivå og setja fram krav om tekniske løysingar som reduserer skadeverkandane.

### **For lite omsyn forskingsresultata**

Naturvernforbundet i Kvam meiner det er forskningsbasert belegg for å redusera biomassen av oppdrettslaks for å nå måla om ei berekraftig forvaltning av Hardangerfjorden. Både Havforskningsinstituttet og Mattilsynet har peika på at det er klare samanhengar mellom biomasse og miljøproblem på eit vesentleg lågare nivå enn i dag.

Som nemnt meinte Havforskningsinstituttet at grensa for berekraft var overskride i 2004 og instituttet tilrådde alt då å redusera mengda av oppdrettslaks i området.

Det er difor rart at forskrifta som no vert lagt fram, tek så lite omsyn til forskingsresultata. Akvakulturnæringa vil tilpassa seg eit eit biomassetak på 50.000 MTB og det vil neppe føra til nedgang i den samla produksjonen. Det er også tilstrekkeleg dokumentert at ein produksjon som ligg opp mot denne grensa, er alt for høg for ei langsiktig berekraftig næring, der også villfiskstammene skal verta meir livskraftige.

Naturvernforbundet i Kvam meiner at talet på oppdrettsfisk bør reduserast til for eksempel til halve av i dag for å få kontroll med lakselus, rømming og oppgang av oppdrettsfisk i elvane. Stoda for vill laksefisk i fjorden har aldri vore dårlegare enn dei siste åra. Det er grunn til å minna om at samtlege lakseførande vassdrag i Hardangerfjorden har vore stengde for fiske etter laks. Frå og med 2010 innførte fylkesmannen i Hordaland fiskeforbod etter sjøaure i vassdraga i midtre Hardangerfjorden. Den viktigaste grunnen til det er dei sterke negative verknadane på lakselus på sjøauren og rømd oppdrettslaks på gyteplassane i elvane.

### **Kva med tolegrensar, miljømål og reaksjonar?**

Naturvernforbundet i Kvam meiner at verknadane av forskrifta fyrst og fremst må målast i høve til verknadane på villfisk og miljø. Viktige miljømål som kan kontrollerast er mellom anna:

- Mål for andel rømd oppdrettsfisk på gyteplassane. Til dømes under 5 prosent innslag av oppdrettsfisk.
- Klare nivå for lusesituasjonen for villfisken, både laks og sjøaure, frå mars til oktober
- Sjukdomssituasjonen i anlegga. Er dagens grense for lus pr fisk for høg?
- Strengare regime på registrering av rømming, frå utsett av smolt til slakting.
- Tolegrensar for utslepp av fôr og møk. Problema med overgjødsling kan møtast med konkrete miljømål.

For Naturvernforbundet i Kvam

Oddvar Soldal, leiar